



Notat

Dato: 27.03.2015
Arkivsak: 2015/85-18
Saksbehandlar: rolrose

Til: Samferdselsutvalet

Frå: Fylkesrådmann

Habilitet - tilleggsutgreiing

Angående habilitet i samband med høyringar – svar på spørsmål frå Einar Lutro, tilleggs spørsmål.

Det er og stilt spørsmål om ein er ugild dersom ein sitter i styret for eit Bompengeselskap som har innkreving på ein veg som kan verte berørt om den eine eller andre traseen vert valgt. Det vert vist til meldingssak, habilitet i samband med høyringar, referatsak nr. 31 side 2, habilitetsvurdering av medlemmer som sit i fylkeskommunale utval og som har verv i interesseorganisasjonar. Ein folkevald vert automatisk inhabil til å forberede eller treffe avgjersele i ein forvaltningssak når han eller ho er styremedlem i eit selskap, samvirkeforetak, forening, sparebank eller stiftelse som er part i saken. Dette går fram av forvaltningslova § 6 1. ledd e. Dette gjeld dersom selskapet er part i saka.

Forvaltningslova § 6 (habilitetskrav)

En offentlig tjenestemann er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller til å treffe en avgjørelse i en forvaltningssak

e) når han er leder eller har ledende stilling i, eller er medlem av styret eller

1. et samvirkeforetak, eller en forening, sparebank eller stiftelse som er part i saken, eller

2. et selskap som er part i saken. Dette gjelder likevel ikke for person som utfører tjeneste eller arbeid for et selskap som er fullt ut offentlig eid og dette selskapet, alene eller sammen med andre tilsvarende selskaper eller det offentlige, fullt ut eier selskapet som er part i saken.

Hvis en sitter i styret for eit bompengeselskap, som har innkreving på ein av dei traseene som vert valgt, så kan selskapet verta part i saken, noko som vert ramma av forvaltningslovens § 6 1. ledd e.

Ein vil då vere ugild dersom ein sit i styret for eit Bompengeselskap som har innkreving på ein veg som kan bli berørt om den eine eller andre traseen blir valgt.

Det går fram av lov om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) kap 7, de folkevalgtes rettigheter og plikter, §40, nr 3, at habilitetsreglane i forvaltningslova gjeld også for medlemmer som sit i fylkeskommunale organ.

Kommunelova §40 nr 3:

3. Om habilitet gjelder reglene i forvaltningsloven kap. II, med følgende særregler.

Handsaminga av overordna saker som årsbudsjett, økonomiplan, kommuneplan og fylkesplan reiser særlege spørsmål. Eit enkelt selskap vil som utgangspunkt ikkje vera part i samband med handsaminga av slike saker, men det kan ikkje utelukkast, og må avgjerast konkret.

Dersom bompengeselskap er part i saka, vert dette ramma av forvaltningslova §2.

Forvaltningslova §2 e)

Part, person som en avgjørelse retter seg mot eller som saken elles direkte gjelder.

Dersom ein av dei valgte traseane i høyringa vert valgt, kan dette ha innvirkning for bompengeselskap i tilknytning til desse vegprosjekta, og kan verte ramma av §2 e.

I kollegiale organ vert spørsmålet om inhabilitet avgjort av organet sjølv, utan av vedkomande medlem tek del. Dette vert avgjort i kvart einskild tilfelle. Dette går fram av forvaltningslova § 8, 2. ledd.